



HELSE VEST  
HELSE BERGEN  
HELSE FONNA  
HARALDSPLASS DIAKONALE SYKEHUS

Dato: 10.07.2019  
Vår ref.: 2018/16480-106  
Saksbehandlar: marsolh

## Pasienttransport av eldre frå sjukehus til heimkommune på natta

**Eldre pasientar har blitt skrivne ut frå sjukehus og kørde heim i ambulanse frå sjukehus til kommunane om natta.**

Fleire store oppslag i media har gjeve innsyn i korleis helseføretaka har brukta ambulanse til natt-transport av pasientar. I 2018 vart over 1500 eldre personar over 74 år kørde i ambulanse om natta. Desse skulle ikkje *til* sjukehus, men *frå* sjukehus til anten sjukeheim i heimkommunen eller eigen heim.

Desse pasientane har blitt kørde ut av sjukehus mellom midnatt og kl. 05.00 om morgonen. Pasientane blir vekte midt på natta for å bli kørde heim. Dei må bytte seng og rom, og kjem i nye omgivnader fordi helseføretaka har bestemt at slik skal det vera.

Skal ein til egen heim, sov dei fleste eventuelle pårørande på denne tida av døgnet. Må ein heim i ambulansetransport er ein truleg så dårlig at ein treng hjelp også i egen heim, men heimesjukepleie er også lågast bemanna på denne tida av døgnet.

Respekt, omsorg og kvalitet på helsetenesta er, slik fylkeseldrerådet i Hordaland ser det, på eit lågt nivå når slik transport blir utført i helseføretaka våre.

Helseføretaka grunngav natt-transporten med at ambulansane skal vera meir tilgjengelege for oppdrag på dagtid.

Helseminister Bent Høie gjekk straks ut og sa stopp av slik transport om natta.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er opprørt over at slik transport har gått føre seg.

Spørsmål frå fylkeseldrerådet i Hordaland til helseføretaka:

Skjer slik transport på natta framleis i helseføretaka, eller blir det no nyttar ein verdig transport av pasientar ut av sjukehus til sjukeheim eller egen heim? Kva rutinar og reglar vert praktiserte no?

Fylkeseldrerådet i Hordaland ber om snarleg svar, slik at svaret kan verta gjort kjent for rådet i neste møte, 05.09.19.

Gunda Falao Sparre  
leiar  
fylkeseldrerådet i Hordaland